



Søskena Gunnar og Klara hadde minnerike dagar i barndomsheimen på Klammeren.

I ettermiddag fekk eg ein koseleg telefon frå utflytt uskedeling Gunnar Haugland(78 år). Han flytta frå bygda som ung gut, gifta seg og busette seg på Rubbestadneset og sjølv om han er blind, er han fast lesar av uskedalen.no. Han ville fortelja om flotte dagar han hadde hatt i barndomsbygda Uskedalen.

Først hadde han fine dagar saman med familien sin frå onsdag til laurdag sist veke då dei budde på Rabben Feriesenter. Laurdag kom søstera Klara Havsgård(81) frå Eikelandsosen, og då forflytta dei to søskena seg til barndomsheimen på Klammeren der dei budde i gamlehuset.

- Det var så kjekt. Det var så godt tilstelt og møblert, og i eldhuset var det fullt i ved. Vi kosa oss skikkeleg, fortalde han

Om dagane såg dei seg litt om i nabolaget. Dei var mellom anna til Vonheim og til skulen der dei hadde vore elevar.

- Det var veldig kjekt å kika inn i Vonheimskjellaren og sjå kor flott dei hadde fått det der, syntest han, medan han håpa at det snart vart gjort noko vedlikehald på det gamle skulebygget. Der mangla det kitt på glasa og var så målingsslite at han var redd for at det kom til å forfalla.

Ein dag hadde Gunnar og Klara vore til inste enden på Fjellandsbøvatnet. På den turen var dei oppom Friheim Gardsmat. Der treffe dei mellom anna Bjørg Inga Miljeteig og prata med ho.

I samtalen kunne Gunnar fortelja at han hadde teke eit så artig bilete av foreldra hennar, Jon og Borghild Friheim, då dei kom ut av kyrkja bryllaupsdagen. Då for nemleg neste brudepar inn. Dette biletet kunne Bjørg Inga fortelja at ho hadde.

- Og no veit ho i alle fall kven fotografen var, kunne Gunnar fortelja. Til liks med systera Klara var han svært fornøgd med dei minnerike dagane i barndomsbygda.

Då eg hadde høyrte Gunnar Haugland sine skildringar frå dagane, kom eg til å tenkja på eit samvær med blinde Erling Stordal på Beitostølen helsesportsenter i 1979. Dagen før hadde Arne Larsen Økland scora det avgjerande målet i OL-kvalifiseringskampen mot Vest-Tyskland. Aldri har eg opplevd eit vakrere mål enn det Stordal så entusiastisk og levande beskrev!



[Gunnar hadde merka seg at skulen trong både måling og kitt.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland